

## Filosofi i skulen - nokre praktiske og prinsipielle spørsmål

*Utdanning 15 / 2005*

*Steinar Bøyum*

Tradisjonelt har filosofi spelt liten rolle i norsk grunnskule. Til samanlikning har religion, og då særleg kristendommen, vore ein sjølvstøtt del av skulen, sjølv lenge etter at den miste sitt kulturelle hegemoni. Kvifor? Er religiøse oppfatningar lettare å forstå enn filosofiske? Er religion *viktigare* enn filosofi? Eg veit ikkje, men det trur eg ikkje nokon andre gjer heller. I alle fall er det no stadig fleire som ser at filosofi både kan og bør ha ei viktig rolle i skule og utdanning. Denne utviklinga starta med L97, der filosofi utgjer ein (liten) del av KRL-faget, men ser ut til å skyte fart med stortingsmeldinga "Kultur for læring", som til og med opnar for å etablere filosofi som eit eige fag i skulen. Seinare har Kristin Clemet følgd opp med utsegn som tyder på at departementet meiner alvor med dette. Det verker ikkje lenger utopisk å tru at filosofi i framtida kjem til å ha ein meir markant plass i norsk skule, og dermed i vår kultur, enn kva den har hatt fram til no.

Men denne utviklinga reiser nokre vanskelege spørsmål som det har vore lite diskusjon om, særleg mellom filosofar, men også mellom pedagogar. Dersom filosofi skal sterkare inn i skulen, må ein ta stilling til desse spørsmåla, og dersom filosofi i skulen skal styrke norsk utdanning, må ein ha ei reflektert innstilling til dei. Ein kan svara på dei ut frå praktiske forhold aleine, men sidan spørsmåla har ei prinsipiell side, bør svara også ha det. Det betyr ikkje at det prinsipielle nødvendigvis er upraktisk, men at det må vere ei jamvekt mellom det prinsipielle og det praktiske for at eit slikt prosjekt skal vere både gjennomtenkt og realiserbart. Både filosofi og skule er for alvorleg til at ein kan innføre filosofi i skulen berre fordi det høyrer artig ut.

### Eige fag?

Det første spørsmålet som melder seg er om filosofi skal vere eit eige skulefag eller om det skal vere ein del av andre fag. Skal ein sette av fast tid til filosofi eller skal ein filosofere der filosofiske spørsmål måtte dukke opp?

I den læreplanperioden me no nærmar oss slutten på har filosofi vore ein del av KRL-faget. Dette er ikkje unaturleg, all den tid det er visse likskapar mellom filosofiske og religiøse spørsmål. Men filosofi har også mykje til felles med naturfag og samfunnsfag, alt etter kva filosofiske spørsmål ein tek opp. Dessutan kan koplinga mellom filosofi og "livssyn" gje det inntrykk at filosofiske oppfatningar berre er eit spørsmål om tru og tradisjon, noko som ignorerer den rollen som logisk og argumentativ refleksjon spelar i filosofien. I praksis er det også ein fare for at filosofi blir klemmt under vekta av religion, og at lærarar vel å nedprioritere filosofi til fordel for det trygge og velkjende, dvs. til fordel for kristendom.

Derfor må ein kanskje ha filosofi som eit eige fag for å sikre forsvarleg handsaming. Ein treng tid og kontinuitet for å kunne forfølge dei filosofiske problema så langt at ein får den kjensla av djupare innsikt og vidare perspektiv som filosofi kan gje. Spontan filosofi er vel og bra, men kan føre til sporadisk filosofi, at ein streifar rundt på overflata og aldri kjem nokon veg, noko som ikkje gjev barn den tillit til filosofisk refleksjon som det var meininga dei skulle få. Dessutan kan det vere ein fordel at elevane forstår når det er på sin plass å stille filosofiske spørsmål og når ein heller

bør konsentrere seg om det ein skal lære. Trass alt er det ikkje berre bra om rekning forsvinn i filosofering, sjølv om det nok kunne ha auka interessa for matematikk.

På den andre sida er det mest lettvtint å nøye seg med filosofi berre som eit aspekt ved andre fag. Då slepp ein den håplause diskusjonen om kva ein skal ha mindre av når ein skal ha meir av filosofi. I tillegg slepp ein kravet om å vere filosofisk på kommando. Filosofi krev ein viss dagsform, og slik sett er det kanskje best om ein tar opp filosofiske spørsmål når dei melder seg i staden for å tvinge fram filosofi når timeplanen seier det. Då unngår ein også at filosofien flyt friksjonsfritt, for dersom dei filosofiske spørsmåla ikkje er knytt til noko som gjev dei retning og substans verker dei gjerne berre tomme og irrelevante. Logisk, kritisk og filosofisk tenking er lettast å øve opp når ho blir *brukt*. Frittflytande filosofi er som oftast dårleg filosofi.

Kva er så den beste løysinga? Etter mitt syn bør filosofi vere eit eige fag for å sikre kvalitet, men samtidig bør det vere låg terskel for å ta opp tema frå andre fag i filosofitimane, slik at filosofien gjer dei andre faga rikare i staden for å tappe dei for tid og krefter. Elevane sitt engasjement i og for andre fag kan auke dersom dei får opp augo for dei filosofiske aspekta som dei har. Dette kan særleg tene dei faga som i dag slit litt med å fanga elevane si interesse, til dømes matematikk og naturfag.

### Korleis?

Dei fleste som driv med dette meiner at filosofi i skulen bør vera filosofi *med* barn. Det dreier seg altså ikkje om å innføre *ex. phil.* i barneskulen, men om å la barna sjølve få uttrykke sine filosofiske tankar og reflektere saman over dei. Det er fleire grunnar til dette. For det første ligg kravet om at ein skal tenke sjølv, og ikkje berre overta andre sine meiningar, djupt i filosofiens natur. For det andre kan ein berre lære å tenke godt gjennom å tenke, ikkje gjennom å sjå på andre som gjer det. Trening i kritisk tenking er som å lære å sykle. For det tredje sikrar det at ein tek opp spørsmål som engasjerer barna, i staden for dei som læraren eller byråkraten meiner er viktige. Dermed unngår ein at filosofi blir berre endå eit nytt fag som ein må lære seg. Filosofi som ikkje engasjerer, er ikkje filosofi.

På den andre sida skal ein ikkje underslå at det kan vere verdifullt å ha med litt filosofihistorie i eit slikt fag. Det kan minke risikoen for det som alltid er faren med filosofien, nemleg at den forfell til uforpliktande undring. Det kan også hindre at den filosofiske samtalen forsvinn ut på vidder der ingen lenger veit verken opp eller ned eller kor dei skal eller kor dei kjem frå. Dessutan kan det gje eit utvida perspektiv på ein sjølv og eins eigne tankar dersom ein får høyre om alternative måtar å tenke på. Og det kan minne oss om korleis våre eigne tankar alltid står i ein historisk samanheng, og ikkje oppstår spontant ut av vår eigen unike situasjon, sjølv om det heller ikkje må få oss til å gløyme at *vår* situasjon er like unik og like filosofisk som den i antikkens Athen eller opplysningstidas Paris.

Nok ein gong må ein finne løysinga mellom to ytterpunkt. For yngre barn bør filosofi for det meste vere filosofisk samtale, medan elevane trygt kan lære meir om dei store filosofane jo eldre dei blir. Kanskje er det til og med eit vilkår for å kunne tenke sjølv at ein får erfaring med kva andre tenker. Dette er ikkje så paradoksalt som det kan verke som. Ofte blir me fyrst klar over kva me meiner sjølve når me høyrer kva andre seier eller har sagt. Nettopp i dette forholdet er det dialogens verdi viser seg.

### Kven?

Det mest presserende spørsmålet har å gjere med kven som skal undervise i eit slikt fag eller emne. Kven skal vere lærar? Det er ikkje nok filosofar i Noreg til å ta seg av det, og dei som fins har jamt over verken vilje eller evne til å filosofere saman med barn og unge. Samtidig er det nødvendig med ein viss filosofisk kompetanse dersom dette faget skal inkludere ein bit filosofihistorie. Og sjølv om vekta skal ligge på filosofisk samtale med barn, må ein vite litt om kva filosofi er for å vite kva ein skal gripe tak i og oppmuntre for å sikre at samtalen blir filosofisk og ikkje som ein kva som helst slags samtale. I tillegg treng ein gjerne den treninga i logisk og kritisk tankegang som kjenneteiknar ei utdanning i filosofi, slik at ein veit når ein skal spørje etter presisering og grunngjeving og når ein bør la ytringa stå som ho er.

På den andre sida kunne ein hevde at alle allereie er filosofar, også lærarar. Dersom filosofiske spørsmål verkeleg er allmennmenneskelege, burde ikkje då kven som helst kunne leie timar i filosofi? Og sidan det å filosofere med barn dessutan krev pedagogiske evner, er ikkje då nettopp dei lærarane me allereie har perfekte for den jobben? Men utan å her kome inn på den aktuelle striden om forholdet mellom faglig og pedagogisk kompetanse hjå lærarar, så må ein hugse på at filosofi trass alt er eit fag. Ein set ikkje kven som helst til å ha fysikk, sjølv om også fysikken har eit allmennmenneskeleg aspekt, og på same vis bør ein heller ikkje sette kven som helst til å ha filosofi. Det skal tross alt bli filosofi ut av dette, og ikkje berre prat, kor koseleg no enn det måtte vere.

Likevel: Alle filosofar kan ikkje bli lærarar, og alle lærarar kan ikkje bli filosofar. Derfor må ein klare seg med eit kompromiss: Flest mogleg av dei lærarane som skal ha slike fag må få ein viss filosofisk kompetanse. Dette kan skje gjennom etterutdanning, og flest mogleg høgskular bør derfor ha eit opplegg på linje med det dei allereie har hatt i fleire år ved Høgskolen i Oslo. Men det må også skje gjennom vesentleg meir filosofi i den eksisterande lærarutdanninga. Ideelt sett burde ein utvida lærarutdanninga til 5 år, og hatt tilsvarande eit halvt år med filosofi, og av dette burde halvparten igjen vore filosofisk pedagogikk og halvparten filosofihistorie. Eit slikt forslag vil kanskje ikkje finansministeren juble over, men også han må vel ha sans for ei god investering.

### Kvifor?

Men kvifor skal me ha filosofi i skulen? Akkurat det har eg ikkje sagt stort om, og det er eit altfor stort spørsmål til at eg kan gjere det her. Likevel vil eg nemne nokre gode grunnar for at barn må få filosofere i skulen. Men legg merke til at det ikkje er eit spørsmål om barn skal filosofere eller ikkje. Barn har filosofiske tankar, så det er snarare eit spørsmål om desse skal få kome til uttrykk i klasserommet eller om barna må halde dei for seg sjølv, gøymd i det private rom, slik det har vore, og framleis er, for dei fleste i dag. Kanskje den beste grunnen for å ha filosofi i skulen rett og slett er at ein skaper ein atmosfære der slike tankar får kome fram slik at ein kan reflektere over dei i staden for å frykte dei.

På same måten som i den såkalla "critical thinking"-pedagogikken, som har vore viktig i USA, men ikkje i Noreg, meiner mange forkjemparar for filosofi med barn at skulen har ignorert ei basisevne som er like fundamental som lesing, skrivning og rekning, nemlig tenking. At tenking blir gløymd, medan digital kompetanse vert opphøga til ei fjerde "basisferdigheit", er ikkje mindre enn ein skandale. Å tenke godt burde vere eit like naturleg mål for utdanning som det å skrive, lese og rekne godt. Kanskje denne evna har blitt oversett fordi ein ikkje er klar over at det finst noko slikt som god og dårlig tenking. Eller kanskje ein har trudd at god tenking ikkje kan lærast fordi ein no ein gong er født med ein viss IQ. Begge deler er galt. Evna til å tenke godt, dvs. å tenke logisk, kritisk og klart, samt å kunne grunngje sine standpunkt og å sjå saker frå fleire sider, er evner som

kan utviklast gjennom øving. Fordelen med filosofi er at ein lærer slik tenking naturleg, dvs. gjennom å forfølge spørsmål som barn sjølv opplever som viktige.

Men å kunne tenke godt er ikkje ei reint intellektuell evne. Fantasi er eit aspekt ved all tenking, og god tenking er kjenneteikna av fantasirikdom. Gjennom filosofisk dialog lærer ein å sjå alternativ til eins eige tankesett og å sette seg inn i korleis andre tenker. Men ein lærer også å sette seg inn i andre univers, og slik få betre forståing av sitt eige. Tankeeksperimentet er sentralt i filosofien. Korleis ville det vore om verda var annleis enn det ho er? Korleis ville det vore om me hadde hatt evig liv? Ville det vore noe kjekt? Eller korleis ville det vore om ein hadde ei maskin som las andre sine tankar? Kva ville det gjort med vårt forhold til andre menneske? Kunne det eksistert kjærleik i ei slik verd? Å tenke slik har med fantasi å gjere. Og å ta vare på barns fantasi er eit sentralt mål for filosofi med barn.

For å ha ei sterkt demokrati er det ikkje nok at ein stemmer annakvart år. Ein må i tillegg ha ei demokratisk innstilling til sine medborgarar, samt evne til å delta i ein offentleg debatt. Korleis gjer ein barn til demokratiske borgarar? Eit element kan vere å la dei ta del i filosofisk dialog, ein dialog som nettopp har nokre av dei kjenneteikna som ein demokratisk debatt har eller bør ha. Ein lærer å tenke kritisk og uavhengig, og ikkje berre herme etter andre. Ein lærer å argumentere for sine synspunkt, og ikkje la kvar diskusjon bli redusert til påstand mot påstand. Ein lærer at andre kan ha andre oppfatningar enn ein sjølv, og til og med ha gode grunnar for dei, og ikkje automatisk tru at dei som seier noko anna enn deg er dumme eller slemme. Alt dette er vesentleg for demokratiet. Og slik medverkar filosofi i skulen til demokratisk danning.